



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Birthe Helland, 5557 2378

Vår dato
12.06.2012
Dykkar dato
12.06.2012

Vår referanse
2012/7725 421.4
Dykkar referanse

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Postboks 75
5953 FONNES

Uttale til oppstart av reguleringsplan. Lindås kommune, gnr. 202, bnr. 1, 3 og 14, gnr. 196, bnr. 2, 9, 52 og 117, Hillesvåg.

Vi viser til dykkar brev datert 12.06.2012 med melding om oppstart av planarbeid. Planområdet er i kommuneplanen satt av til næringsføremål, fritid, turistføremål, småbåthamn, friområde (badeområde) og fiske.

Fylkesmannen sin rolle i planprosessar etter pbl. er å formidla nasjonal areal- og miljøpolitikk, og sjå til at denne politikken vert teke inn i planarbeidet. Nasjonal areal- og miljøpolitikk kjem i hovudsak fram av St.mld. nr. 26 (2006/20007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand.*»

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan, og at det ikkje er i strid med nasjonale føringer for arealpolitikken.

Vi viser til våre merknader på temasida vår om planlegging: www.fmho.no/planlegging. Vi ventar at desse signala vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringssplanen har for endra arealbruk skal vurderast i forhold til naturmangfaldet, og at det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7-12.

Vi vil og gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggteknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare som presisert i pbl. sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverka tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket.

Fylkesmannen tek atterhald om å kome med innspel når planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi ynskjer lykke til med planarbeidet.

Med helsing

Berit Rystad e.f.
seksjonsleiar

Birthe Helland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi: Lindås kommune